

## Referat årsmøte Rogaland Sau og Geit

Utstein Kloster Hotell AS Mosterøy 9. – 10. mars 2012

### Sak- 01

#### Opning og velkomst:

Leiar i Rennesøy & Mosterøy Sau og Geit Kjell Åge Torsen ønske velkommen til Rennesøy Kommune.

Det har ikkje berre vert lett og ha sau her i Kommunen dei siste åra. Tenkjer då spesielt på fotråde som har vert og fortsatt er eit stort problem.

Utfordringa nå er alle innkjøpte lamma, der mange av dei berre er drektige med eit lam og nokre ikkje er drektige. Her i kommunen er det som dyretetthet i forhold til arial som gjør dette spesielt i forhold til smittebekjempelse.

Deretter fekk Ordførar Dagny Sundenå Hausken: **Kjempestort og få lov til å bli med på årsmøte til RSG!**

- Kommunen består av 6 øyar som er knytt saman med bruer og tunellar
- 4.400 innbyggjarar, stor folkevekst og ca. 12.000 vinterfora sau og 20 geiter!
- Også produksjon av tomatar er ein stor produksjon
- Sauen, er ein viktig del av husdyrholdet i kommunen
- Mange pendlar inn til Stavanger for arbeid
- Kommune, har og kystlynghei -ei av dei siste langs kysten
- Høgaste fjellet i kommunen er på 234 meter over havet
- Her på øyane har det vert busetnad frå tidleg tid
- Utstein Kloster frå 1200 talet er eit tydleg eksempel på det
- Kommune, arbeider med utbygging av ny hamn på Hanasand

Til slutt ønske ho Rogaland Sau og Geit lykke til med årsmøte!

## **Sak- 02**

### **Godkjenning og av innkalling og sakliste:**

**Vedtak:** Godkjent med følgende kommentarar: Etterlyser budsjett, Handlingsplan i møteinnkallinga og "litt for utydeleg kopi av rekneskapen".

## **Sak- 03**

### **Opprop**

**Vedtak:** 27 lokallag møtte. 6 lokallag møtte ikkje. I alt 51 stemmeberettiga.

## **Sak- 04**

### **Val av 2 personar til og skriva under møteboka**

**Vedtak:** Det kom fram 3 forslag, Jens Morten Vatnaland, Halvard Veen og Harald Sleveland. Forslaget på Harald Sleveland blei tekt. Jens Morten Vatnaland og Halvard Veen blei valt.

## **Sak- 05**

### **Tale v/leiar i Rogaland sau og Geit**

Velkomne til årsmøte i RSG. Det er eit stort engasjement rundt om i lokallaga som Styret setter stor pris på! Også takk til Rennesøy & Mosterøy Sau og Geit v/ Torsen med sitt sterke engasjement for og skaffa midlar til bekjempelsen av fortåte!

Sjukdomen Fotråte er nok noko som ein må belaga seg på, også i framtida, men det er viktig og kunne halda det i sjakk! Prosjektet "Friske føter" er viktig i denne samanheng.

NSG: Er svært opptatt av rovdyr! Men det er også andre viktige tin som skjer i næringa s.t.d. dei som stangar i "produksjonstaket" og får avkorting på lamma tilskotet. Dette er noko som NSG må ta tak i.

Organisering av fellingslag ved Vestskog er noko som eg har tru på! Vestskog har kompetanse på dette arbeidet blant anna frå Sogn og Fjordane.

Geiteholdet gjør det bra! Dette er me glade for. Prosjektet "Friskare geiter" er nå snart ved vegg ende med gode resultatet.

RSG har også dette året sendt inn uttale til jordbruksforhandlingane, der ei peika på at målprise for lammekjøtt må aukast med kr. 5.-.

Regionalt miljøprogram er sterkt redusert. Dette medfører at bla. anna tilskot til bratt landskap får reduser tilskot!

Det er og viktig for næringa å ta godt vare på nye og unge bønder. Få dei med i NSG!

Medlemsverving: Rogaland har dei to beste ververane til nye medlemmer i NSG: Det er Knut Thunheim og Øystein Bjelland.

Smårasar: Det er plass til alle smårasar av sau under paraplyen "Smårasar" i NSG.

Møte med Mattilsynet: RSG oppmodar lokallaga med og koma med innspel til saker ein bør ta opp under møte som skal vera i mai 2012.

Når det gjelder leiarmøte for RSG i 2012 ber ein om innspel frå lokallaga. Om det ikkje kjem noko konkret vil Styret arbeida for at møte blir i Sola området.

Er det lokallag som treng hjelp til heimesida må dykk ta kontakt for hjelp.

Fjelldagane 2012 skal vera på Gaustablikk Hotell i perioden 26. – 28. juli.

Prosjektet "Saueprosjektet i Rogaland" er i gang med møteserie om beitebruk. Det er nå over 300 som har deltatt på møteserien.

Er svært gald for at så mange lokallag ynskjer å ha med ein frå Styret i RSG under sine årsmøter.

Har nå komet fram til at leiarvervet i RSG blir vidareført til ein ny person. Har hatt 5 fantastiske år som leiar! Dette har vert eit interessant og inspirerande arbeid.

Spørsmål/kommentarar:

Time v/Jone Lende: Mail adresser, kan ikkje NSG leggja dette ut på lokallagsnivå?

Bjerkreim v/Halvard Veen: Lønn til jegerar er viktig! Har me middlar til det?

Nettsider er ikkje så lett for eit lokallag. Her må ein ha ein spesielt interessert person til dette arbeidet!

Egersund v/Jan Helge Havsvø: Revepremie er bra! Samarbeid med Jeger og Fisk i forhold til uttak av rev. Oppfølging av lokallag som aldri møter opp. Plan for dette arbeidet etterlyste eg også ved sist årsmøte. Saknar det som plan i Handlingsplanen. NSG meir profilerte? – Kontingent under 50 vinterfora sau. Det er nok ein del medlemmer som "berre" har under 50 vinterfora sau

NSG sitt samarbeid med NB? Bør ikkje NSG halde seg nøytrale?

Rennes & Mosterøy v/Kjell Åge Torsen: Apotekavtalen, burde ikkje RSG forhandla direkte med hovudkontoret til kjeda?

Svar frå Ole Jonny: NSG og NB er nøytrale. Her er det snakk om samarbeid i medlemsvervinga. Kontingent i forhold til buskapsstørrelse er basert på tiltru- her kan ein berr opp fordra medlemmene til og vera lojale.

Apotekavtalen skal vera lik for alle Apotek1 i Rogaland

Vikedal/Imsland v/Berge Kjell Opsal: Kven ser etter at avtalen er rett? Det er ulik praksis mellom Apotei1 utsala.

Livar Nedrebø, Time: Kontingenten til NSG må kunnast linkast mot produgsjonssøknaden!

Tor Olav Gya: Tilskot til påsettlam, feil og gje tilskot til slaktesau! Det er dei som er i oppstartfasen som er taperar slik det er i dag. Dette må ein få ei endring på!

Svar frå Ole Jonny: Har sendt dette inn i mange år, ser ut til at det ikkje når fram!

Jakob Vetrehus: Send ut blank innbetalingsblankett, så kan den enkelte skrive på sjølv.

Bjerkreim v/Halvard Veen: Kva med avsetjing på fond? Dette vil sjølv Rogaland Høyre ha!

Svar Ole Jonny: Har hatt dette som innspel i mange år.

Gjesdal v/Ivar Kyllingstad: Bra med revepremie, ikkje ta dette vekk! Telledato må vera feil. Det er produksjonsdyr som skal ha tilskot og ikkje slaktesau!

Rennesøy & Mosterøy v/Kjell Åge Torsen: Kjem innspela vidare? Får RSG tilbakemelding frå NSG kva dei spelar inn? Eller blir det berre liggande i ei skuffa på kontoret? Under fordelinga i 2011 var NSG heil borte, dei gløymde og få midlar til fotråte arbeidet, berre så vidt me fekk litt! NSG må stå meir på!

Svar frå Ole Jonny: Svakheten her er at NSG ikkje er med i forhandlingane. Og dermed kan tin falle vekk.

Tor Olav Gya: Kven fylgjer forslaga vidare i NSG?

Svar Ole Jonny: Er usikker RSG får ikkje referata frå NSG.

Tor Olav Gya: Avsetting på fond er bra, men dei unge som bør setja av på fond har heller ikkje inntekter til det.

Svar Ole Jonny: Skal ta dette med info-flyt mellom NSG og Fylkeslaga.

Orientering frå Asbjørn Haga: Det søkas nå om å få ta inn Toksplasmosevaksina. Det er ein lokal veterinær som arbeider med dette. Her må lokallaga vera med og organisera. Kostnaden blir ca. kr. 50.- per dose på veterinærhonorar.

Dette er ei levande vaksine difor må det vera god organisering. Håpar at det er mange nok som blir med.

Knut Thunheim: Meir info må ut, etterlyser resultat av tidlegare forsøk.

Svar Ole Jonny: Viser til årsmeldinga for RSG 2010, her er resultatet av forsøket beskrevet.

Rogaland Gjetarhundlag v/Kjell Helland: Takk for invitasjonen til årsmøte. Rogaland Gjetarhundlag organiserer og har opplæring av gjetarhund. Har 100 medlemmer og har felles mål for treninga. Det er mange som ikkje er klar over kva muligheiter som ligger i å ha ein godt trena gjetarhund. Har link mellom heimesida til RSG og Gjetarhundlaget. Det hadde også vore fint om det også i årsmeldinga til RSG var ei liste over kontaktpersonar i Gjetarhundlaget.

#### **Sak- 06**

##### **Auka produksjonen i sauehaldet i Rogaland v/Arnhild Skjørestad**

Arnhild er RSG sin person inn i prosjektet. Ho fortalde om arbeidet i prosjektet og den aktiviteten som var rundt prosjektet. Prosjektet skal avsluttast hausten 2012.

.

#### **Sak- 07**

##### **Foredrag ved Ola Øyen "Norske klimafjøs i TRE"**

Ola Øyen held eit engasjerand foredrag om sauefjøs i tre. Ola Øyen sitt foredrag kan du lesa i sin heilhet på heimesida til RSG.

#### **Sak- 08**

##### **Årsmelding 2011**

Torill Gjekk gjennom årsmeldinga for 2011

Godkjent med følgend kommentarar: Kontaktpersonar i Gjetarhundmiljø. Det er og feil i lista over heiasjefar. Feil over kontaktperson rovvilt i Ryfylke. Tor Olav Gya meinte at det burde komma fram i årsmeldinga når det ikkje kjem tilbakemeldingar frå RSG på saker RSG spelarinn.

#### **Sak- 09**

##### **Rekneskap for 2011 og budsjett for 2012**

Alf Torstein la fram rekneskapen for 2011 og gjekk gjennom budsjett for 2012

Godkjent

#### **Sak- 10**

##### **Innkomne saker**

Det var ingen innkomne saker til årsmøte.

#### **Sak- 11**

##### **Handlingsplan for 2012**

Asbjørn Haga la fram forslag til Handlingsplan for 2012.

Det kom inn følgjande kommentarar:

- Eigen post for plan for arbeid mot lokallag som er passive
- Avslutningsdato for prosjektet "Auka produksjonen i saueholdet i Rogaland!"
- Apotekavtalen

Handlingsplan godkjent med nemnde kommentarar

## **Sak- 12**

### **Romania tur v/Siri K Haugland**

Siri hadde eit fint foredrag om fagturen til Romania. Det var på hausten 2011 gruppa frå Rogaland var i Romania.

Heile foredraget kan lesast i sin heilhet på heimesida til RSG

## **Sak- 13**

### **Slakteria sin time**

Slakteria i Rogaland var invitert til og fortelja om sine aktiviteter. Prima Jæren v/ Georg Fredrik Ueland måtte melda forfall grunna sjukdom.

Fatland Slakteri v/Hilde Håland hadde med seg tall som viste tilførsler og omsetjing av lam i sluttmarkedet. Også hos Fatland var lamma lettare i 2011 enn i 2010. I 2011 hadde Fatland slakta 85 000 lam frå Rogaland. Ho fortalte og at det hadde vert eit godt år i forhold til sluttmarkedet. Prisløypa på lam for 2012 hadde Fatland enn ikkje klar.

Nortura SA v/Siri K Haugland heldt og innlegg på tilførsler av lam til Nortura. Ho viste til at gjennomsnittsvakta på lam i 2011 var litt lågare i 2011 enn i 2010, men at slakteklassane var lika god.

Ho kunne og fortelja at produsentar som leverte lam til Forusanlegget nå fekk automatisk tilbakemelding om det blei påvist Leverikter på lam.

Det arbeidast med at ein skal kunna ta ut ullmengd og ullklasse på enkeltindevid ved slakting. Dette kan brukast i avlsarbeidet.

Siri heldt og eit innlegg og viste film om Samvirke. Året som me nå er i, er av FN utropt som "Samvirkeåret"

## **Sak- 14**

### **Val**

Innstilling frå valnemnda blei lagt fram ved leiar Rold Røyndid.

Valet blei leia av ordstyrar.

**Leiar for eit år Magne Jakob Bjørheim** valt med 49 stemmer 2 blanke

**Styremedlem for 2 år for Nord Rogaland Kjell Berge Opsal** valt med 50 stemmer 1 blank

**Styremedlem for 2 år frå Sør Jæren Torill Undheim** valt med 49 stemmer 2 blanke

**Nestleiar for 1 år Torill Undheim**

1. varamedlem for 1 år Bjarne Østerhus, Ryfylke
2. varamedlem for 1 år Kjell Åge Torsen Nord Jæren
3. varamedlem for 1 år Ane Waage Haakull Nord Rogaland

**Revisor for 2 år: Tor Olav Gya med Andre Kjørmo som personleg vara**

**Møteledar for årsmøte 2013: Sigmund Skjæveland med Jostein Seldal som vara**

**Godtgjersle tillitsvalde RSG 2012:**

- Andre tillitsvalde kr. 700.- per dag. Reise/bilgodtgjersle etter Statens regulativ
- Leiar kr. 30.000.- per år. Reise/bilgodtgjersle etter Statens regulativ
- Kasserar kr. 18.000.- per år. Reise/bilgodtgjersle etter Statens regulativ
- Nestleiar kr. 9.600.- per år. Reise/bilgodtgjersle etter Statens regulativ
- Andre styremedlemmer kr. 6.000.- per år. Reise/bilgodtgjersle etter Statens regulativ
- Andre tillitsvalde kr. 6.000.- per år. Reise/bilgodtgjersle etter Statens regulativ

**Tillegg for styremedlemmer for arbeid over 20 dagar med kr. 1.400.- per dag over 6 timar og kr. 700,- per dag under 6 timar.**

**Tillitsvalde gis reise/bilgodtgjersle etter Statens regulativ.**

**Valnemnd:**

**Ryfylke: Jone Halsne med Ola Jordebekk som vara**

**Nord Jæren: Trygve Ravndal med Finn Aarestad som vara**

**Sør Jæren: Rune Bauge med Nils Petter Aarestad som vara**

**Sak. 15**

**Innlegg v/Tone Edland Styremedlem i NSG**

NSG har nå 11.870 medlemmer. Det har komet fram reaksjonar på samarbeidet mellom NSG og NB. Det er same samarbeidet har vert mellom NSG og NBS i samanheng med medlemsverving.

Rogaland er det fylke som har flest ny medlemmer. Knut Thunheim og Øystein Bjelland er dei 2 personane som har verva flest medlemmer i 2011.

Medlemskontingenten til NSG har auka med kr. 100.- per år dei de siste. Av kontingenten går 40 % til fylke/lokallaga. Medlemsbladet går nå til alle, også til støtte/husstandsmedlemmer.

NSH er involvert i prosessen der blant anna beitlag/fylkeslag må omorganiseras frå SA til BA i Brønnøysundsregisteret. Dette medfører ein stor kostnad.

NSG har sendt uttale til nye forskrifter angående rovvilt.

NSG har det siste arbeidsåret hatt 10 styremøter og behandla 115 saker.

Alle saker som kjem inn til NSG blir videresendt eller behandla av Styret. At Fylkeslag ikkje får tilbakemelding frå NSG skal bli tatt opp slik at praksisen her kan bli endra.

Ny strategiplan og handlingsplan for NSG er ei viktig sak under rep. møte nå i mars.

Prosjektet "Friskare geiter" har fått meir midlar slik at prosjektet kan fullførast. Også "Friske føtter" har NSG full fokus på!

Spørsmål til Tone Edland:

- Kommunikasjon mellom Fylkeslag og NSG
- "Nettsida" med blodig ulv, dette skapar ikkje sympati for næringa
- Endra tilskot til påsettlam, avløyising
- Auka matproduksjonen. Ein kan ikkje slå i hel kje fordi det ikkje er økonomi i og fora dei fram. Kjem dette fram i media kan det lett bli eni katastrofe for næringa
- Avkorting av kvalitetstillegg på lam, fordi ein kjem i "tilskotstaket" må vera feil.
- Dårlig pris på kje, høge slaktekostnader og for låg pris i sluttmarknaden

Tone takkar til slutt for eit fint årsmøte og ønskte RSG lykke til i arbeidet vidare.

## Sak- 16

### Bjørn Høiland leiar landsrådet for saueavl

- Fotråde er eit viktig tema innan for småfenæringa
- Bøndene er flinke til og rapportera inn ved mistanke
- 4 nye mistankar ved årsskifte, vanskeleg å finna
- Ein ser litt på organiseringa på avlsarbeidet på sau
- Nye indeksberekningar, sikrare å betre indeks
- 2013 starta opp med "ein haldbare sau", få dette inn i O- indeksen
- Sjå om vektlegging delindeks lammatall er rett
- Kunna gå i dybden og sjå om det er genar som kan vara årsaken til for eks. jurbetennelse, slik ein har klart det på "gult fett". Dette kostar pengar!
- Sauekontrollen! Rett og sei at 40 % av sauene er med i sauekontrollen
- Kåring kostar mange pengar i forhold til det ein får att
- Vaksineforsøk på fotråde
- Er pris på indeksverer rett? Kan ein dokumentera at desse gir godt resultat er ikkje prisen for høg
- Ønske bedre moglegheiter i sauekontrollen for rett utkoding av sau
- Bruksbuskapane er avhengige av godt avlsarbeid, men må ikkje bli ein stat i staten!

Til slutt blei dei som gjekk ut av styret takka med blomster og gåver for flott arbeid gjennom mange år

Ole Jonny takka for 5 år som leiar og det flotte samarbeidet som har vore i Styret.

Magne Jakob Bjørheim takkar for tilliten og sa at godt samarbeid med lokallaga er viktig for at Styret i RSG skal lukkast. Han gleda seg til å ta fatt på arbeidet.

Karkuf Håkull

Sek

Jostein Seldal

Møteleiar

Jens Morten Vatnaland

Halvard Veen